

11.10-11.50, Mimes Brønn

Prosjekt OPPTAKT:

Mål, draumar, erfaringar og refleksjonar i
Polyfons knutepunkt i sør, aust og vest



Marie Strand Skånland er førsteamanuensis i musikk og helse og forskingsleiar ved Ansgar høyskole i Kristiansand, der ho har fagleg ansvar for bachelorutdanninga i musikk og helse. Ho forskar på musikkterapi i oppsøkjande psykisk helsevern og er fagkoordinator for Polyfon Sør.

Hans Petter Paulen Solli er førsteamanuensis i musikkterapi ved Noregs musikkhøgskole og har forska på musikkterapi, psykisk helse og recoveryprosessar hos menneske med alvorlege psykiske lidingar. Han er fagkoordinator for Polyfon Aust.

Kaja Elise Åslid Enge er musikkterapeut i Bergen kommune og førsteamanuensis ved Griegakademiet. Ho forskar på korleis musikkterapi kan fremje trivsel, meistring og sosial inkludering for barn i sårbare livssituasjonar, og har skrive doktorgrad om barn og unge med fluktbakgrunn. Ho er fagkoordinator for Polyfon Vest.

Samandrag

Polyfon si overordna målsetting handlar om å styrke musikkterapi som helse- og sosialfagleg arbeid, utdanningsveg og forskingsområde, samt å støtte og stimulere bruk av musikk som ressurs for livskvalitet, meistring, læring og samfunnsdeltaking. Dette søker ein å oppnå gjennom samarbeid mellom praksisfelt, akademia og erfaringsbasert kunnskap. Sidan oppstarten i 2015 har Polyfon i hovudsak vært knytt til vestlandet, men som følgje av Agenda Vestlandet (Sparebanken Norge) si tildeling i 2025, har Polyfon blitt ein nasjonal struktur med knutepunkt i sør, aust og vest gjennom prosjektet OPPTAKT. Allereie no har OPPTAKT resultert i nye klyngedeltakarar og samarbeid som bidreg til å integrere musikkterapeutisk kompetanse i ulike sektorar. I denne presentasjonen vil vi fortelje om kva vi ønskjer å oppnå i dei tre regionane, erfaringar så langt, samt vegen vidare. Vi vil fortelje om ulike vegar til nye klyngedeltakarar, korleis vi jobbar for at klyngedeltaking skal vere fruktbart, og ikkje minst, korleis ein kan jobbe med implementering, slik at musikkterapeutisk kompetanse kan vere ein del av løysinga på utfordringar vi møter i samfunnet i dag.